



\* Lea Heltne på hesteryggen. Liv Jorunn Nyhagen leier hesten.



\* Alet Rotevatn gjer kunstar på hesteryggen.



# Volda rideklubb feira 20-års jubil

**Jubileumsshowet til Volda rideklubb inneheldt presisjonskøyring, kür, western og sprangduell. Vêrgudane var på hestefolket si side, og stemninga var på topp.**

For 20 år sidan tok Ingmar Wangen initiativet til å starte rideklubb i Volda. På jubileumsshowet søndag var han til stades. No er både dottera hans, Linn Wangen Mork og barnebarna Randi Maud og Anna Marie aktive i klubben.

- Det er kjekt å sjå at barn og barnebarn vidarefører interessa for rideklubben, seier han.

\* Liv Jorunn Nyhagen og Thoke viste fram eigenkomponert dressurprogram til musikk, såkalla kïir.

**Forventningar til kommunen**

Ingmar fekk roser og takk frå dagens leiar Edle Holmin. Primus motoren frå den første tida, er stadig engasjert i rideklubben sine kår.

- Eg har store forventningar til at kommunen følgjer opp sine eigne planar og støttar oss økonomisk, slik det står i «Kommunedelplan for Fysisk aktivitet og anlegg for idrett-, friluftsliv og nærmiljøtiltak – 2014 – 2018», seier han.

**Lang veg**

Vegen fram til ei eiga permanent bane har vore lang. Først hadde dei ridebane ved stadion. I 2001 måtte dei flytte. Så var det tre år utan ridebane. Etter dette var det bane på Solvollen i Vikebygda, før dei i 2010 fekk ein permanent

stad på Vollane ved Rotevatnet.

- Her kan vi vere i 45 år og meir, sa programleiar Ida Kristine Standal.

Klubben har no 43 medlemmer. Av desse er 18 stykke under 18 år.

**Turning på hest**

Showet søndag var innhaldsrikt og spennande. Det var lett å sjå at det er ein veldriven klubb. Showet starta med øvinga «voltige», med jentene Alet, Lea, Anna og Edina. Voltige tyder turning på hesteryggen med musikk til. Jentene hadde berre øvd to ridetimar. Dei synte øvingane: utgangsposisjon, fane, jorda rundt, kneståande og stå. På nokre av innslaga var dei to jenter på hesten samstundes.

Lea Heltne har ridd ponni sidan ho var to år gamal. Dei siste



\* Ingmar Wangen saman med dottera Linn Wangen og barnebarna Randi Maud Mork og Anna Maud Mork. Ingmar var primus motor for oppstarten av rideklubben i 1996.



\* Leiar for Volda rideklubb, Edle Holmin, gav roser til Ingmar Wangen som starta klubben for 20 år sidan.



\* Edina Heltne og Anna Marie Mork turna på hesteryggen, også kalla voltige.



\* Det var mange som ville tippe kor tjukk Botnar var rundt magen. Dei som vann fekk pizza på Marias.

# ob eum

to åra har ho vore aktiv i rideklubben.

- Korleis var det å opptre med voltige?

- Det var veldig gøy.

- Er det krevjande?

- Ja, det var vanskeleg i byrjinga å gjere ting når hesten er i bevegelse, seier ho.

### All fritid til hest

Randi Maud Mork (16) har vore med i klubben i ti år. På showet deltok ho med presisjonskøyring med fjordingen Odin. Systera Anna Marie stod bak på vogna. Randi driv både med dressur, sprang og køyring, og konkurrerer i alt. No gler ho seg til Fjordhest NM i Førde.

- Mest all fritida mi går til denne sporten. Er eg i dårleg humør dreg eg berre til stallen, fortel ho.

### Nyhagen og Thoke

Liv Jorunn Nyhagen og oldenburgeren Thoke viste fram eit flott eigenkomponert dressurprogram til musikk, såkalla kür.

- Denne küren er på MA-nivå, og vart nytta under Vestlandsmeisterskapen i dressur tidlegare i år, fortalde programleiaren.

Publikum fekk sjå seriebyttar, piruettar, auking av tempo, versader og travèrer.

### Western stil

Frå Canada og garden Reitane i Austefjorden kom Krista Håvik. Ho og hesten Kreol viste fram utstyr og ridning i westernsjangeren.

Målet i westernriding er at ein skal kunne styre hesten med berre ei hand, og lause taumar. Hesten skal ha god kroppskontroll, og til dømes kunne gå rundt seg sjølv.

I tillegg til dette kunne publikum tippe kor tjukk ein av hestane var rundt livet, handle seg



\* Randi Maud Mork køyrer preisjonskøyring med fjordingen Odin. Systera Anna Marie Mork hjelper til.

kaker, pølser, vaflar, brus og kaffi i kiosken og sjå på sprangduellen mellom Randi Mork med Odin og Liv Jorunn Nyhagen med Thoke. Her var det fjordingen som gjekk av med sigeren.

Barneriding var det både før og etter showet.

### Vellukka

Etter at programmet var vel i hamn i det nydelege vèret hadde leiaren desse orda:

- Vi er veldig nøgde med oppmøtet og arrangementet. Sist vi arrangerte noko var det mykje regn. Sidan vi ikkje har ridehall, er vi avhengig av godt vèr.

🐾 INGVILD RUNDE



\* Krista Håvik og hesten Kreol som er ein conamara sports hest, viste fram ridning og utstyr i westernsjangeren.



\* Aragsan Adan fekk vere med på barneriding.